



**Minnene om dokter Haugen vandrar vidare. I dag har vi publisert fem nye historiar på nettsida om han.**

Dette biletet høyrer til ei historie som Aslaug Lyse har fortalt. Det er frå Solheim Turiststasjon i Uskedalen tidleg på 1940-talet. Huset vart bygt i 1937, på murar som opprinneleg var tenkt brukt til forretning mange år tidlegare.

Personbilen, ein Stubbaker 1937-modell, tok tyskarane frå far til Aslaug, Fridtjof Sunde, under krigen. Lastebilen, ein Ford A 1928/29-modell kjøpte han fem år før krigsutbrotet. Den vart blant anna brukt til transport for Uskedal Trelastlager. På lasteplanet var det elles benker som musikklaget sat på under turane sine.

Les nettsida om dokter Haugen her:

<https://www.dokterhaugen.no/minne>

**TEKST: Kristian Hus**